

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
232	Pål Grev	04.03.21	10/21

## **SØKNAD OM BETALING FOR IKKJE AVSPASERT ARBEIDSTID I 2020 – KNUT ØYJORDET OG ERIK MYRUM**

*Saksdokument:*

Brev frå Knut Øyjordet og Erik Myrum av 29.01.21.

*Saksutgreiing og vurdering:*

Timelistene for 2020 viser at Knut Øyjordet og Erik Myrum har ein del arbeidstid som det av ulike årsaker har vore vanskeleg og fått avspasert. Dei søker difor om å få etterbetalt meirarbeidstimane. Søknaden med vedlegg er kopiert opp og lagt ved saka. Vedlegget viser ei oversikt over ikkje avspasert arbeidstid gjennom året, fråvær og omfang av helg-/heilagdagsarbeid og nødvendig kveldsarbeid.

I tariffavtala mellom tilsette i fjellstyra organisert i Naturviterne og Norges Fjellstyresamband står det at partane er einige om at utbetaling av plussstid i utgangspunktet skal bli unngått, men at der arbeidssituasjonen gjer avspasering umogleg, blir overtid utbetalt.

Ein tek til etterretning at det ikkje har vore praktisk mogleg for våre tilsette og fått avspasert meirtida i 2020, og at etterbetaling blir løysinga. For både har talet på meirtimar vorte redusert mykje sidan 2013, men med unntak av 2019 da det vart utført eit par ekstra tenestesalsprosjekt. Når vi veit at fjellstyret sel ein del tenester til andre, at dette utgjorde så mykje som ca. 31 % av det totale arbeidet for fjelloppsynet i 2020, er det naturleg at dei tilsette får etterbetalt for ikkje avspasert meirtid slik det har vore praktisert i mange år.

**Innstilling til vedtak:**

Knut Øyjordet får etterbetalt for 103 timer og Erik Myrum for 70,5 timer ikkje avspasert arbeidstid i 2020 etter ordinær timesats.

**Vedtak:**

Samrøystes: Som innstillinga.

*Rett utskrift. Går til:*

Knut Øyjordet og Erik Myrum

*Kopi til:*

Revisjonen

Vågåmo, 05.03.21

Knut Øyjordet (e.f)

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no